

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for drift og utvikling	19.06.2012	HKD	055/12
Utval for drift og utvikling	18.06.2013	HKD	036/13
Kommunestyret	19.06.2013	HKD	047/13
Utval for drift og utvikling	03.09.2013	HKD	055/13
Kommunestyret	25.09.2013	ANB	064/13
Utval for drift og utvikling	10.12.2013	HKD	094/13

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Hans Kristian Dolmen	HKD	N-504	12/1154

REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - 4.G.HANDSAMING - OFFENTLEG ETTERSYN

Dokumentliste:

Vedlegg:		Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
Nr	T			
1	I	04.01.2012	Norconsult Bergen	VS: REGPLAN HOPLAND
2	I	20.03.2012	Norconsult Bergen	VS: REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN 1 AV 2
3	I	26.03.2012	Norconsult Bergen	VS: PLANSKILDRING HOPLANDSDALEN.
5	I	06.06.2012	Hordaland Fylkeskommune kultur og idrettsavd	KRAV OM ARKEOLOGISK REGISTRERING.
6	U	20.06.2012	Norconsult Bergen	REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK.1. GONGS HANDSAMING.
7	U	05.07.2012	62 mottakere...	REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - OFFENTLEG ETTERSYN AV FRAMLEGG TIL PLAN
8	I	01.08.2012	NVE Region Vest	FRÅSEGN TIL OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK.
9	I	16.08.2012	Direktoratet for Mineralforvaltning	REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK.
10	I	28.08.2012	Terje Tvedt	VS: MERKNADER JORDDEPONI
11	I	29.08.2012	Knut Wilhelmsen	VS: JORDDEPONI HOPLANDSDALEN - MERKNADER.
12	I	30.08.2012	Meland Musikklag v/leiar Thomas Gisle Fosse	VS: REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - MERKNADER.
17	I	31.08.2012	Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal og samfunnsplanavdelinga	VS: REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - MOTSEGN.
16	I	31.08.2012	Olaug og Bjørn Tveit - Rune Tveit	VS:REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - MERKNADER.
15	I	31.08.2012	Arnold Tveit og Esther Søderstrøm Tveit	VS: MERKNADER TIL REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK.
14	I	31.08.2012	Reidar Tveit	VS: REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - MERKNADER.
13	I	31.08.2012	Monica Svendsen	VS: REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN

18	I	31.08.2012	Statens Vegvesen Region Vest	JORDDEPONI OG STEINUTTAK - MERKNADER. VS: UTTALE - REGULERINGSPLAN - HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - MELAND KOMMUNE.
19	I	17.09.2012	BKK NETT AS	VS: REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN JORDDEPONI - UTTALE.
20	I	19.09.2012	Hordaland fylkeskommune -regionalavd.	FRÅSEGN - REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK.
21	I	02.10.2012	Norconsult AS	VS: HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - KONTAKT MED FYLKESKOMMUNEN.
22	I	10.10.2012	Mortensen Eva Helen	VS: REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK -,ARKIVID 12/1154-MERKNADER
23	I	22.10.2012	Norconsult AS	VS: JORDDEPONI OG STEINUTTAK HOPLANDSDALEN - JUSTERT PLANKART MED MERKNADSVURDERING OG KOMMENTARAR.
24	I	13.11.2012	Esther Søderstrøm Tveit - Arnold Tveit - Terje Tvedt	VS: HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - MERKNAD TIL SKRIV FRÅ NORCONSULT.
25	I	03.01.2013	Reidar Tveit	VS: HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - SEMJE MELLOM GRUNNEIGAR OG UTBYGGJAR.
27	I	26.03.2013	Reidar Tveit	VS: REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK
28	I	29.05.2013	Norconsult Bergen	VS: REGPLAN HOPLANDSDALEN - BLÅKLOKKA - MUSIKKLAGE
33	I	07.06.2013	Norconsult AS	VS: REG.PLAN HOPLANDSDALEN - MERKNADSVURDERING OG KOMMENTARAR TIL FERDIGHANDSAMING.
32	I	07.06.2013	Norconsult AS	VS: REGPLAN HOPLANDSDALEN - REV. PLANKART.
29	I	11.06.2013	Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal og samfunnsplanavdelinga	VS: REGULERINGSPLAN HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - FYLKESMANNEN TREKKJER MOTSEGN.
30	I	19.06.2013	Statens vegvesen Region vest	UTTALE TIL REVIDERT FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN.
34	U	10.09.2013	Vassbak & Stol AS; Norconsult Bergen	REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK - 3. GONGS HANDSAMING - ENDELEG VEDTAK.
38	I	19.09.2013	Miljøpartiet Dei Grøne v/Leif Johnsen	INTERPELLASJON TIL K-MØTE 25.09.13 OM SAKSGANG OG KONSEKVENSI I SAKA HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK
37	I	19.09.2013	Statens vegvesen	UTTALE TIL REVIDERT PLANKART - REGULERINGSPLAN FOR HOPSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK
36	I	19.09.2013	Olaug og Bjørn Tveit	HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK
39	U	26.09.2013	Miljøpartiet Dei Grøne v/Leif Johnsen	SVAR PÅ INTERPELLASJON FRÅ LEIF JOHNSEN, MPG
40	U	01.10.2013	Norconsult AS; Vassbak & Stol AS	REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK.
41	U	01.10.2013	Vassbak & Stol AS; Norconsult Bergen	REGULERINGSPLAN FOR HOPLANDSDALEN JORDDEPONI OG STEINUTTAK.

- Planskildring (26.03.2012)
- ROS-analyse (07.12.2011)
- Støyvurdering - Massedeponi/steinuttak (01.12.2010)
- Støyvurdering – Vegtrafikkstøy (16.11.2010)
- Plankart
- Planføresegner (20.03.2012)

Saksutgreiing:

Meland kommune har i oversending, seinast 26.03.2012, motteke komplett framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak. Planområdet ligg i Hoplandsdalen som strekkjer seg over delar av gardsnummer 11 og 12 (Øvre og Nedre Tveit), og gjeld og fleire bruksnummer. Planen er tildelt planID 1256 2009 0003.

Føremålet med framlegget til plan er å leggje til rette for deponi av jordmassar, uttak av steinmasse, omforming til landbruksareal og tilrettelegging for eit mindre tal bustadar. Som konsekvens må o.a. hovudveg rustast opp, det må tilretteleggjast for mjuke trafikantar, kommunaltekniske anlegg må opparbeidast og de må gjerast avbøtande tiltak for miljø og omgivnadane elles. Framlegget til plan vert fremma av Norconsult på vegne av tiltakshavar Vassbakk & Stol.

Det omsøkte arealet er i kommuneplanens arealdel lagt ut til planføremål LNF (landbruk, natur, friluftsliv). Det planlagde tiltaket er ikkje i tråd med dette og fører med seg krav om utarbeiding og godkjenning av planprogram samt konsekvensutgreiing (KU) og ROS-analyse, jf plan- og bygningslova (pbl) §§ 4-1, 4-2 og 4-3.

Arbeidet med planprogrammet tok til med sak 075/09 (16.06.2009) og vart godkjent av Meland kommunestyre i sak 051/12 den 23.05.2012. Planprogrammet var lagt ut til høyring i våren 2010 og det vart motteken merknadar frå nabo, grunneigarar og offentlege partar. Merknadane er omtala i saksdokumenta og nokre endringar og presiseringar er teken inn i planprogrammet etter handsaming i UDU, sak 127/10 (20.12.2010).

Som grunnlag for handsaming av plansaka har Meland kommune motteke planskildring med KU, ROS-analyse plankart og føresegner. I samsvar med planprogrammet er der gjort særskilte vurderingar knytt til støy (vegtrafikk, massedeponi og steinuttak) av Kilde Akustikk.


Vurdering:

Vassbakk & Stol er eit større entreprenørfirma som o.a. utfører grunnarbeid. Slik administrasjonen les planskildringa og etter dialog med tiltakshavar, er det ei utfordring, for ikkje seie eit generelt problem for bransjen i regionen å få plassert lausmassar. Det er i høve til aktiviteten få område å levere på og store transportomkostningar både økonomisk og miljømessig. Slik sett kan mykje skje tilfeldig, er uavklara, kan vere kontroversielt og det vert ofte skapt unødige ”støy”.

Tiltakshavar har gått inn i denne utfordringa med eit ønske om å gje seg sjølv og omgivnadane ei meir avklara ramme for drift og handtering av til dels store volum med masse. Ein er open og tydeleg på at det planlagde prosjektet er stort, har visse konsekvensar og vil i driftsperioden kunne vere belastande. Samstundes er der og eitt sett med positive faktorar knytt til gjennomføring. Etter avslutta driftsperiode vil ein få opparbeidd jordbruksareal, bustadtomter og opprusting av del av fylkesveg. Vidare vil Meland kommune i større grad og moglegvis på ein betre måte kunne styre tilhøvet kring masse- og jordtippar.

For å gjennomføre denne typen prosjekt vil ein vere avhengig av å få tilgang til eit område med ein viss storleik og kapasitet. Vidare er der fleire faktorar som plassering, påverknad på landskap, naboar, grunneigarar, miljø, transport m.m. som vil verke inn på val av planområde.

Planområde og planstatus



Den sentrale delen av planområde som gjeld jorddeponi og steinuttak ligg i Hoplandsdalen. Planområdet elles strekk seg ut i FV247 og ned mot hovudvegen FV564 til ein treff på planområde for Holme forretningsområde. I kommuneplanen sin arealdel er området som nemnd lagt ut til LNF-føremål.

Framlegget er vidare sett i passande samanheng med til dømes Fylkesplan for Hordaland (næringsutvikling og deltaking) og rikspolitiske retningslinjer (areal- og transport, klima- og energiplanlegging, støy).

Planprosess og innkomne merknadar

Arbeidet med framlegget til reguleringsplan har gått over noko tid, men har vore basert på forprosjekt og eit vedtak om oppstart som presiserte samanhengen med forskrift om KU. Knytt til dette er og kravet om utarbeiding av planprogram og synleggjering at tema eller tilhøve som skal ha særleg viktige.

Oppstart av planarbeidet vart varsla 29.04.2010 og med frist for merknadar 15.06.2010. Innan fristen hadde ein samla motteke 12 merknadar frå private (6 stk) og offentlege (6 stk) partar. I planskildringa kap.9 (s.79-85) er ein detaljert gjennomgang av merknadane med plankonsulentane sine merknadar. Administrasjonen gjer her berre ei oppsummering og peiker på dei sentrale moment i nokre av merknadane:

Merknad frå	Sentralt innhald	Kommentar
Fylkesmannen i Hordaland	• Presisering av kva som utløyser plikt om KU • Tydlegare om vurdering av alternative lokaliseringar • Tydlegare omtale av kjend kunnskap	Omtalt i revidert planskildring • Planskildring kap. 7 • Planskildring kap. 3 og 4
Hordaland Fylkeskommune	• Synleggjere og vurdere tiltaket i høve til regional arealpolitikk • Omsyn til SEFRAK-registrerte bygg og varsel om synfaring	• Planskildring kap. 3

Statens vegvesen	• FV247 må utredast i høve til støy • FV247 skal utvidast med breidde- og kurveutviding, bæreevne BK10 • Krav om fullnøyande løysing for mjuke trafikantar	• Eige rapport vedlagt • Tatt inn i føresegner og plankart • Plankart og rekkjefølgjekrav
NVE	• Ivaretaking og eventuelle avbøtande tiltak for å hindre forureining av elva	•
Direktoratet for mineralforvaltning	• Tydeleggjere omfang av deponi og uttak • Savner skildring av bergart og kvalitet • Eventuell drift krev driftskonsesjon	•
Blåklukka barnehage	• Naudsynt med utbetring av veg (FV247) • Det må opplevast trygt for brukarane å ha borna i barnehagen • Grunna auka trafikk og støy ønskjer ein ei skjerming av særleg uteareala	•
gnr 10 bnr 72 gnr 10 bnr 73 gnr 11 bnr 8	• Etterspør meir informasjon om tiltaket (omfang og driftsopplegg) • Påverknad på einskilde eigedom • Mogleg belastning ved tungtransport • Mogleg skaking ved sprenging • Vil vegen verte utbetra	• Fleste svar ligg i planskildringa og vert og svart på i framlegg til plan
gnr 11 bnr 8	• Skeptisk til etablering i Hoplandsdalen • For nær busetnad • Ulempe med støy under drift • Aktivitet må eventuelt skje i ordinær arbeidstid • Skeptisk til storleik og omfang • Mogleg forringelse og verditap	•


Planskildring og gjennomføring

Administrasjonen har gått gjennom dei mottekne plandokumenta og ut frå den kjennskap ein har til området finn me desse fullnøyande i høve til dei tema som er skildra i godkjente planprogram. Skildringa tek føre seg bakgrunn og føremål med planarbeidet og prosessen kring dette så langt (kap 1 og 2). Vidare følgjer ein gjennomgang av korleis framlegget til plan er sett i samanheng med eksisterande overordna planar, kjende registreringar og geologisk grunnlag (kap. 3, 4 og 5). Kapittel 6 tek føre seg det konkrete framlegget til plan og korleis ein ser føre seg å gjennomføre dei planlagde tiltaka og kap. 7 søkjer å gjere synleg konsekvensar knytt til gjennomføring.

Knytt til gjennomføring ligg det og i framlegg til regulering kart, føresegner og krav til kva type tiltak som skal vere på plass før ein kan starte ei eventuell drift i området. Ein vil peike på at krava til rekkjefølgje omhandlar opparbeiding av o.a. tilkomstveg og utbetring av FV247. Dersom framlegget til plan vert godkjent vil det føre med seg anleggstrafikk før det skjer produksjon i planområdet. Administrasjonen presiserer dette då det må forventast at planområdet i så måte vert teken i bruk før alle tiltak i rekkjefølgjekrava er ferdigstilt. Ein ser det likevel som ei teneleg løysing at grunnarbeid inn i driftsområdet kan kombinerast med for- og grunnarbeid i planområdet elles.

I grove trekk kan framlegget til reguleringsplan og gjennomføringa sjåast på i fire fasar (s.26-32). Fyrst er det opparbeiding av driftsområdet og oppfylging av rekkjefølgjekrav. Så er det ein driftsperiode med eit mindre uttak av stein og ein vesentleg tilførsel av jordmassar. I denne andre delen kan moglegvis fase 3 med byrjande tilrettelegging for bustadar finne stad. For at etableringa skal finne stad må denne uansett kombinerast med drift av jordtipp og steinuttak samstundes som kommunaltekniske anlegg er komen på plass. Dette er eit tilhøve ein må sjå nærare på. I fase fire er jordtippen avslutta og landbruksarealet i drift medan dei nye bustadane har ei naturleg samanheng med barnehage, skule og nærbutikk på Holme.

Utsnitt – Reguleringsplan Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak



Planutsnittet syner del av planområdet der ein i austre del har areal med kombinert føremål jorddeponi, steinuttak og landbruksområde. I driftsperioden vert det etablert ei barriere mot det arealet som er føreslegen lagt ut til bustadføremål. Utvikling av bustadområdet kan eit stykke ut i driftsperioden til jorddeponi starte, men føreset at regulert infrastruktur er komen på plass. Til dømes må det vere etablert GS-veg langs FV247.

Konsekvensutgreiing (KU)

Hovuddelen av planskildringa er konsekvensutgreiinga (s.33-78) som er basert på dei tema som er gjeven i planprogrammet. Desse er landskap, landbruk, friluftssinteresser, kulturminne, natur, støy, støv, trafikksystem, tekniske tilhøve, energi og ROS.

Som utgangspunkt og grunnlag for utgreiinga har konsulentent valt metodikken skildra i Statens vegvesen si handbok 140 om konsekvensanalyser (2006). Metoden er nytta for plantema landskap, naturmiljø, nærmiljø og friluftsliv, kulturmiljø og naturressursar (s.37-69).

Prinsippet her er at summen av antatt eller målbar verdi og omfang gjev uttrykk for ein skalert konsekvens. I høve til dei opplista plantema er lagt til grunn at verdi gjeld for heile planområdet medan vurdering av omfang er mest sett i samanheng med:

- jorddeponi og steinuttak i driftsfase
- jorddeponi og steinuttak etter drift
- etablering av det nye bustadområdet

Det er presentert ei samla vurdering (s.76) av desse ”grøne-verdiane”. Som det går fram av oppsummeringa synleggjer ikkje utgreiinga nokon særlege avgjerande negative tilhøve.

Generelt kan ein seie at der er ei belastning, av liten eller til middels verdi/omfang, men at dette særleg dreier seg om driftsperioden av steinuttaket. At gjennomføring kan ha ein liten/middels konsekvens for til dømes naturmiljø og friluftsliv heng særleg saman med at planlagde tiltak legg til rette for auka areal til jordbruksføremål.

Når det gjeld naturmangfaldlova nemner ikkje utgreiinga denne særskilt, men Meland kommune meiner at dei omsyn som lova er meint å ivareta vert gjort greie for i utgreiinga.

For plantema støy, støv, trafikk, tekniske tilhøve, energi og ROS (s.70-75) er det nytta anna metodikk. Av desse er det utarbeidd særlege rapportar for tema støy (drift og vegtrafikk) og ROS (vedlagt).

- Når det gjeld vegtrafikk vil planlagde tiltak ha konsekvensar. Avbøtande tiltak i planframlegget er at FV247 skal opprustast og mjuke trafikantar skal sikrast. Vidare syner støykartlegginga at det må gjerast tiltak for til dømes barnehagen. Dette er fanga opp i føresegnene og plankart
- Når det gjeld drift av deponi og steinuttak har og dette konsekvensar. Avbøtande tiltak er skildra i utgreiinga og fanga opp i plankart og føresegner. Før drift må det byggjast støyvoll og tiltakshavar skal o.a. ha driftskonsesjon som omfattar sedimentasjonsbasseng godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Elles gjeld generelle reglar om til dømes driftstid, støvavsug og sikring
- Når det gjeld ROS synleggjer analysen berre mindre tilhøve som mest er knytta til driftsperioden og drivar sin HMS-kontroll. Til dei eksisterande tilhøva er det ikkje avdekka uventa eller farlege tilhøve som treng særskilt handtering
- Når det gjeld kommunaltekniske anlegg ligg det i dag berre vassleidning i området. Tiltak knytt til avlaup er skildra i hovudplan for avlaup, men ikkje prioritert. Igangsetting i området kan vere med å framskande dette og må sjåast som positivt

Konklusjon/oppsummering:

Med bakgrunn i godkjende planprogram, mottekne plandokument og gjennomgangen her vil administrasjonen tilrå at framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Grunngjevinga for dette er at administrasjonen finn at plandokumenta har eit innhald, omfang og djupne som både stettar dei krav sett til plandokument generelt og svarar på dei tema stilt opp i vedtekne planprogram. Vidare har framlegget til plan ei digital utforming og innhald som tilfredstillar krav sett av Meland kommune.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Utal for drift og utvikling vedtek å leggje framlegg til reguleringsplan Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak ut til offentleg ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10.

Perioden for offentleg ettersyn vert sett til 9 veker etter kunngjeringsdato. Gebyr for handsaminga av framlegg til plan skal vere betalt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.”

19.06.2012 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Planansvarleg Hans Kristian Dolmen orienterte om saka.

Framlegg til vedtak i møtet:

”Som framlegget frå administrasjonen med følgjande tillegg:

Utval for drift og utvikling tek atterhald om å kome tilbake til avgrensingar etter høyringsrunde med omsyn til:

- Opningstid/-dagar
- Lass per dag
- Støy
- Event. andre tilhøve som framkjem under høyringsrunden
- Tidspunkt og utbyggingstakt for bustadområde i reguleringsplanen skal regulerast i kommuneplanen.”

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, Sp:

”Utval for drift og utvikling vedtek å avvise framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jordeponi og steinuttak med bakgrunn i dei store negative konsekvensar som reguleringsplanen vil har for området.”

Det vart først røysta over framlegg til vedtak frå administrasjonen og frå Per Kristian Holmetun, Sp.

Framlegg til vedtak frå administrasjonen fekk 0 røyster for, 9 i mot og fall.

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, Sp, fekk 3 røyster for, 6 i mot (FrP, H, AP) og fall.

Deretter vart det røysta over administrasjonen sitt framlegg til vedtak med tillegg.

Dette framlegget fekk 9 røyster for, 0 i mot og er såleis vedteke.

UDU-055/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Utval for drift og utvikling vedtek å leggje framlegg til reguleringsplan Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak ut til offentleg ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10.

Perioden for offentleg ettersyn vert sett til 9 veker etter kunngjeringsdato. Gebyr for handsaminga av framlegg til plan skal vere betalt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Utval for drift og utvikling tek atterhald om å kome tilbake til avgrensingar etter høyringsrunde med omsyn til:

- Opningstid/-dagar
- Lass per dag
- Støy
- Event. andre tilhøve som framkjem under høyringsrunden
- Tidspunkt og utbyggingstakt for bustadområde i reguleringsplanen skal regulerast i kommuneplanen.”

UDU 18.06.2013 - 2. GONGS HANDSAMING

Vedlegg

Saksutgreiing:

Etter vedtak i Utval for drift og utvikling 19.06.2012, sak 055/12 vart framlegg til plan med tilhøyrande plandokument lagt ut til offentleg ettersyn. Direkte berørte parter og offentleg mynde vart tilsendt plandokumenta. Plandokumenta var elles tilgjengeleg i resepsjonen på Rådhuset, på heimesida til Meland kommune og i digitalt planarkiv BraPlan. Høyringsperioden var frå 06.07 – 31.08.2013.

Innkomne merknadar

Innan for fristen til offentleg ettersyn var det komen inn 14 merknadar. 7 frå offentlege parter og 7 frå private (grunneigar / nabo).

Vurdering:

Kommentar og vurderingar i tabell er i gjeve av plankonsulent og av administrasjonen. Dei fleste merknadane er gjeve ei fortløpande og kortfatta vurdering. Plantema som er teke opp av fleire er og som administrasjonen finn særleg viktig, er teke opp i eige punkt etter den generelle gjennomgangen. Det skal peikast på at vurderingane frå plankonsulent er gjevne i høve til tiltakshavar sine interesser. Sjå vedlegg frå plankonsulent for utfyllande informasjon.

Merknad frå	Innhald	Kommentar / vurdering
NVE Region Vest Naustdalsveien 1B Pb 53 6801 Førde	• Ingen merknadar	• Til etterretning
Direktoratet for Mineralforvaltning Leiv Erikssons vei 39 Pb 3021 Lade 7441 Trondheim	• Syner til merknad ved oppstart • Plandokument gjennomgått utan særlege merknadar	• Til etterretning • Drift av steinuttak krev konsesjon for drift og godkjent driftsplan • Godkjenning gjerast etter søknad av direktoratet
Meland Musikklag P.b. 115 5906 Frekhaug Grunneigar / nabo Gnr 10 bnr 86	• I plankart er ny veg med GS-veg plassert heilt inntil ”musikkhallen” • Planlagt inngrep tek stor del av parkering og planen syner ikkje kor ny parkering skal vere • Plassering av ny parkering må vere i umiddelbar nærleik til hallen	Plankonsulenten • Tilkomst på G/S-veg, denne utvidast til 4m breidde frå felles avkøyrsløp med barnhagen • Noko parkering att og felles parkering med barnhagen kan nyttast Administrasjonen • Synefaring med tiltakshavar, Musikklaget og Barnehage 27.05.13 • Samd om endring av linjeføring på hovudveg • Sikra parkering ved barnehage • Sikra felles avkøyrsløp • Sikra tilkomst til kjøkken og varelevering hos Musikklaget • Avsett plass for støyskjerming for uteareal til barnehage • Lage framlegg til same eller noko auka tal på parkering, gjerne fellesløyse

Knut Wilhelmsen Melandsvegen 65 5918 Frekhaug Grunneigar / nabo Gnr 12 bnr 15	• Ikkje avvisande til prosjektet, men har spm og ønskjer avklaringar • Planlagt ny vei med sideveg til eigedom og antar at denne skal brukast: - Er det planlagt asfalt? - Er noen av 4 P-plassar tiltenkt min eigedom? - Kven skal ha vedlikehald? • Ønskjer å få gjort synleg korleis støyskjerming for eigedomen skal gjerast • Når i utbyggingsperioden skal det verte etablert fleire bustader • Eigar / eigedom har rett knytt til vatn / brønn / bekk som vert øydelagt ved gjennomføring, korleis vert dette løyst? • Arbeid med plan startet i 2010 og bare jorddeponi, har utviklet seg nå og til bustadfelt og etterlyser informasjon om dette i prosessen	Plankonsulenten • Ny veg bør asfalterast for å redusere pot. søvplage. Dersom heile eller delar av veg skal verte offentleg vert det krav om opparbeiding. Regulert parkering kan nyttast av bustadar. Event. off. veg vert drifta av kommunen • Planskildding og støyrapport skildrar prinsipp • Nye bustadar kan tidligast skje etter at steinarbeid er avslutta, nærare stadfesting i eventuell utbyggingsavtale • Private rettar må det gjerast avtale om med tiltakshavar før oppstart
Esther og Arnold Tveit Hoplandsvegen 4 5918 Frekhaug Grunneigar / nabo Gnr 10 bnr 5, 10, 14 og 17	• Det må finnes mange plassar som er betre egna enn denne • Med den planlagde drifta vil det verte svært mykje trafikk • Vil medføre eit auka støyproblem i høve til dagens situasjon tett opp til krysset på Holme • Kraftig trafikkauke på Hoplandsvegen vil gje auka støy • Steinuttaket kan vidare gje støy- og støvplager i nærområdet • Det bør ikkje leggjast eit slikt anlegg i Hoplandsdalen • Viss prosjektet skal gjennomførast vil det verte sett fram krav om støyskjerming • Gis føresegn om driftstid , kl 08-16, man-fre • Feil i talgjeving når det gjeld tal på billass og trafikkmengde	Administrasjonen • Andre lokalitetar er mogleg, det er gjort ei vurdering og denne er omsøkt • I den planlagde driftsperioden vil det vere auka trafikk og sannsynlegvis opphoping i intervall i høve til oppdrag og volum • Knytt til hovudvegen vil det vere ei auke i trafikkstøy. Omfang og storleik er søkt vurdert i støyrapport. For eigars eigedom / bustad er dette sannsynlegvis avgrensa, men om naudsynt må avbøtande tiltak kunne gjerast • I høve til støy skal det m.a. etablerast støyvoll. Støv kan vere ei utfordring, men m.a. reduserast med krav om vatning, jf føresegn § 1.3 og 1.7 • Det er og vil stillast krav gjennom føresegnar og driftsplan • Driftstid er i framlegg satt til kl 07 – 19 (man – fre), § 2.4.3 • Samd i dette, sjå eiga pkt. om trafikkvolum og talfesting Plankonsulenten • Syner til dei generelle kommentaren som og gjeld for denne • Særskilt for eigedomen er at støyanalysen synleggjer at det i utg.pkt. ikkje skal vere naudsynt med tiltak her

Fylkesmannen i Hordaland Statens hus Kaigaten 9 5020 Bergen	Generelt - Planføremål, planprogram, synleggjer behov, positiv felles nytte MOTSEGN I - Bustad - Etablering berre etter at drift av steinuttak er ferdig, pga støy - Må inn i rekkjefølgjekrava, § 1.4 MOTSEGN II - Støy - Støyrapport opnar for at støyvoll er tilstrekkeleg tiltak for skjerming av eksisterande bustadar og barnehage - Høgde og volum på støyvoll må presiserast - Støyvoll, jf § 1.7 i føreseigna syner til illustrasjon som ikkje ligg ved - Før godkjenning må høgde og plassering av støyvoll kome fram og effekten dokumenterast MOTSEGN III - Kart - I plankart er deponiområdet lagt ut til kombinert føremål masseuttak og LNF – det kan ikkje gjerast - Plankart må syne masseuttak - Føresegn og rekkjefølgje seie noko om etterbruk (LNF)	Administrasjonen MOTSEGN I - Takast inn i rekkjefølgjekrava i føresegnene, § 1.4.7 MOTSEGN II - Gjerast synleg og inn i plankart - Dokumentasjon på effekt tas inn i plandokument MOTSEGN III - Endra plankart i tråd med teikneregler - Etterbruk av deponi til LNF, jf føresegn § 2.4
Olaug og Bjørn Tveit Melandsvegen 68 5918 Frekhaug Rune Tveit Orrebrotet 17 5417 Stord Grunneigar / Nabo Gnr 11 bnr 8 og 32	Generelt - Overtydd om at anlegget vil vere ei stor og varig ulempe - Estetisk eit stort inngrep i naturen - Ei omfattande landskapsendring - Hoplandsdalen tapt som tur- og rekreasjonsområde - Sjå inn i et anleggsområde - Støy- og støvplager - Kamouflering av steinuttak vil ikkje vere tilstrekkeleg og det vert store sår, høge skjeringar - Overskot av steinmasse i Bergen, men underskot her, må vere mogleg å samarbeide om ressursar Lokalisering - Undrast på kvar ein har vurdert alternativ - Må vere rikeleg med areal i Nordhordland kor ei slik etablering er mogleg utan å røre ved bustad, natur og friluft Støy - Tiltaket vil vere ei vedvarande støykjelde - Arbeid vil gå føre seg heile tida - Kor høgt er 55 dB?, og det skal vere heile året - Ved realisering krevjast kontinuerlige støymålingar - Omfanget vert bagatellisert - Kven skal kontrollere eventuelle vilkår for drift?	Plankonsulent - Syner til dei generelle kommentaren - Ut frå analyse skal ikkje eigedom verte påverka av støy utover vanlege krav - Vises til skildra avbøtande tiltak i støyrapport - Tiltakshavar ønskjer ikkje i utg.pkt. å justere driftstidene - Pålegg om utarb. av driftsplan ved regulering – direktoratet for mineralforvaltning godkjenner driftsplanen der omsyn til nabo er tema / skildrast Administrasjonen - Andre lokalitetar er mogleg, det er gjort ei vurdering og denne er omsøkt - I høve til støy skal det m.a. etablerast støyvoll, jf § 1.3 og 1.7 - Std. krav til uteoppfallsareal ved ein bustadeigedom - Kan setjast som vilkår i driftsplan om jamnlege målingar - I utg.pkt. Direktoratet for mineralforvaltning

	Trafikk • Stiller spm ved berekning av tal på billass og trafikkbelastninga • Sannsynlegvis høgare tal • Krevja at dagleg drift vert avgrensa til seinast kl.17 • Ikkje opning for helgedrift • Må ta omsyn til bebuarane i området Støy • Kven skal følgje opp krav til støyskjerming ? Jordfylling • Kan ei stor jordfylling ”skli” ut ved store nedbørsmengder?	• Samd i dette, sjå eiga pkt. om trafikkvolum og talfesting • Tiltakshavar ønskjer i utg.pkt. ikkje å redusere driftstida. Kan vere todelt med ei opningstid for levering/transport og ei noko vidare ram me for aktivitet inne å på området (sjå eiga pkt.) • Det vert ikkje opna for helgedrift • Oppfølging kan skje av kommunen eller direktoratet for mineralforvaltning • Sjå eige pkt. under vurderinga
Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger	Generelt • Føremål, driftstid, bustadar og tilkomst Bustadføremål • I utg.pkt. ikkje i tråd med arealplan • Rår i frå utan vurdering i arealplan MOTSEGN I • Ved event. etablering av bustad vert det krav om planfri kryssing av FV564 • Krav om rekkjefølgje på lik line med reg.plan Holme forr.omr • Må innarbeidast, men er knytt til bustad, ikkje bruk av deponiet • Bustad berre etter at deponidrift er avslutta må inn i føresegnene MOTSEGN II - Byggjegrænse mot veg • Viss arealplan ikkje seier anna er byggjegrænse mot RV og FV 50m • Plankartet syner for FV247 15m • Ein kan akseptere 30m Føresegner og plankart • Uklart kva ”produksjon” tyder i § 1.3 - presisere kva det gjeld • I § 1.3 nr 3 – presisere at drift kan ikkje ta til før etter vegutbetring • Framlegg til nytt pkt 5 under § 1.3 om etablering av støyskjerming før FV247 er ferdi utbetra • Svingradius må påførast i kart som skildra, avkøyrslø A – E • I avkøyrslø må sikt til GS-veg visast som skildra • På GS-veg skal asfaltert flate vere 3,0m, jf handbok 017 • Samkøyre GS-veg med reg.plan for Holme forretningsområde •	Administrasjonen • Tatt inn i arbeid med pågåande revisjon av arealplan MOTSEGN I • Rekkjefølgjekrav om planfri kryssing av FV564 før etbl. av bustad, føresegn § 1.4 MOTSEGN II • Byggjegrænse vert endra i plankartet til 30m • Presisering, føresegn § 1.3 • Ikkje produksjon før rekkjefølgjekrav er innfridd, jf. føresegn § 1.3.1 • Mm • Endra i plankart • Endra i plankart • Endra i føresegn, jf § 3.2

	Anna veggrunn • Om naudsynt må arealet utvidast for å gje plass til støyskjerm • Føresegn § 3.3 opnar for ulike tiltak på anna veggrunn – dette må takast vekk Byggteknisk plan • Setjast krav i føresegna om utarbeiding av byggteknisk plan for FV, kryss, avkøyrsløse • Samsvar med handbok 017 og godkjennast av SVV før tiltak	• Etter synfaring 27.05.13, endring i linjeføring forbi barnehage og musikklaget sine eigedomar • Endra føresegn § 3.3 • Krav om byggteknisk plan og godkjenning av SVV tatt inn i føresegn § 3.1
Reidar Tveit Vestvbygdsvegen 324 5918 Frekhaug Grunneigar Gnr 12 bnr 1	Innspel 30.08.2012 • Generelt ikkje merknad til plan • Som grunneigar er det gjort intensjonsavtale • I ettertid er framlegg til plan endra og omfattar og bustad • Endra krav og akkurat no ingen avtale om bruk av arealet Innspel 02.01.2013 • Partane har vorte samd om ny avtale • Avventar godkjent plan	Plankonsulent • Privatrettslege avtalar må vere på plass før gjennomføring
Monica Svendsen Melandsvegen 63 5918 Frekhaug Grunneigar / Nabo Gnr 12 bnr 11	• Tek sterk avstand frå planen • Krev av ny tilkomstveg med GS-veg vert bygd før deponi setjast i drift • Meiner det vert uholdbart og bu med born så nær deponiet • Støy og støv vil verte svært vanskeleg over så lang tid • Ikkje tru på at skildra tiltak mot støy og støv er tilstrekkeleg • Eigedomen vil få verdiforringelse i driftsperioden – umogleg å få seld eigedomen til reell verdi • Vil krevja kompensasjon for verditap og forventa forureining frå støy og støv • Eventuelt vurderer innløyising av eigedomen • Meiner å kunne få redusert utsikt ved etablering av bustadfelt • Uheldige konsekvensar andre plassar • Ønsker ikkje planen, men kan gå i dialog i høve til kompensasjon	Plankonsulent • Tiltakshavar vil ha dialog for å finne gode løysingar for støy- og støvskjerming • Eigedomen vil ha ulemper under driftsperioden • Eigedomen vil få ny og betre tilkomst (veg, GS-veg) • Ved bustadutbygging tilrettelegging av leikeareal og utbetring tekniske anlegg Administrasjonen • Det leggast ikkje band på at ved ei godkjenning og gjennomføring av denne planen vil det ha konsekvensar for området og eksisterande eigedom med bustad eller fritidsbustad • I driftsperioden vil det vere ei auke i trafikk og ei potensielt ei ulempe i forhold til støy og støv.
BKK Nett AS Kokstadvegen 37 Pb 7050 5020 Bergen	• Oppstartsmld synte ikkje bustad og endringa har verknad for BKK sitt anlegg i området • Eksisterande høgspenline vil vere i konflikt med tomt A4, A5, B3, B4 og B5 • Langs kV 22-lina er det klausuleringsbelte på 15m breidde • Innanfor kan det ikkje byggjast bygning for varig opphald • Max bygning på inntil 50m² • Ved gjennomføring som vist må luftspenn leggast om eller i jord • Tiltakshavar må bere kostnader	Plankonsulent • Avsett areal i plankart ved tomt B12 til nettstasjon • Føresegn om rekkjefølgjekrav § 1.4, pkt. 6, set krav og omsyn til høgspenline, strekk for jordkabel og funksjon til høgspenline under utbygging av bustad • Føresegn omsynssone § 5.2, krav om varsling til BKK for vurdering før arbeid / tiltak nær linene Administrasjonen • Det er satt av areal til eventuell ny nettstasjon i planområdet

	• Eksisterande anlegg for forsyning av straum er for lite • Areal for ny nettstasjon må setjast av med sannsynleg plassering ved B12 • Viktig av behov for endringar i nettet vert kjend tidleg	• Før oppstart bør tiltakshavar skipa naudsynte avtalar med BKK om gjennomføring og ivaretaking av straumnett og forsyning
Hordaland Fylkeskommune Pb 7900 5020 Bergen	Generelt • Føremål, KU, tilhøve til arealplan • Syner til merknad til oppstart Plan • Framlegg ikkje i tråd med arealplan • KU synast fullnøyande • Rekkjefølgjekrav om bustad etter drift av steinuttak Kulturminne og –miljø • Etter arkeologisk undersøking vart det ikkje påvist kulturminne • Ingen merknad, men peiker på den generelle aktsomhetsplikta	Plankonsulent • Rekkjefølgjekrav § 1.4, pkt. 7, stiller krav om at steinuttak må vere avslutta • Føresegn § 1.6 – generelle aktsomhetskrav, jf kulturminelova Administrasjonen • Framlegg til plan - innspel til arealplan under pågåande rullering • Rekkjefølgjekrav, føresegnene § 1.4 • Føresegnene § 1.6
Eva Mortensen Vestbygdvegen 316 5918 Frekhaug Grunneier Gnr 11 bnr 6	• Pr d.d. inga avtale for denne eigedomen	• Takast til etterretning • Føresetnad for gjennomføring, men ikkje til hinder for handsaming av plan
Fellesrådet HER	• Føresetnad at det byggjast GS-veg frå hovudvegen • Utbetring av infrastruktur • Uroa over belastning for nærmiljø når det gjeld støy og støv • Fryktar avrenning til vassdrag	Administrasjonen • Ligg inne i plan og vil vere et rekkjefølgjekrav • I høve til veg, vatn og avlaup ligg det krav i føresegnene • Det vil vere ei belastning, skildring av avbøtande tiltak er gjort og der ligg krav vedrørande støy og støvhandtering • Krav om filteringsanlegg

Motsegner

Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen har til saman fremja 7 motsegner til planframlegget. I tillegg har det vore mindre endringar i plan-dokumenta, men i sum er desse ikkje av ein storleik at nytt offentleg ettersyn vert vurdert som naudsynt. Nokon av motsegnene er likelydande. Dei ulike motsegnene frå overordna fagmynde og sektormynde er handtert slik det går fram nedanfor. For merknadane elles sjå gjennomgangen ovanfor.

Fylkeskommunen			
	Merknad / motsegn	Tiltak / endring	Kart/føresegn
1	Rekkjefølgjekrav (MOTSEGN) Steinbrudd må vere avslutta før bustad	Tatt inn i føresegner	Rekkjefølgjekrav, jf føresegn § 1.4.7
Fylkesmannen			
	Merknad / motsegn	Tiltak / endring	Kart/føresegn
2	Rekkjefølgjekrav (MOTSEGN) Steinbrudd må vere avslutta før bustad	Tatt inn i føresegner	Rekkjefølgjekrav, jf føresegn § 1.4.7
3	Støyhandtering (MOTSEGN) - Steinkunsing - Støyvoll skal vere tilstrekkelig for eksisterande bustad og barnahage - Føresegn § 1.7 – plassering i plankartet, ikkje illustrert og krev presisering av høgde, plassering og dokumentert effekt	- Del av driftsplan for deponiet - Høgde, plassering, illustrasjon og effekt tydeleg nok?	Rekkjefølgjekrav, jf føresegn § 1.3.1 Rekkjefølgjekrav, jf føresegn § 1.3.1, del av byggtknisk plan for utbetring av FV247 og regulert inn på anna vegggrunn ved eigedom gnr 10 bnr 32 og 52
4	Plankart (MOTSEGN) Angiving av føremål for masseuttak/deponi	Endres i plankart	Endra (SOSI-kode 1201)
Statens vegvesen			
	Merknad / motsegn	Tiltak / endring	Kart/føresegn
5	Rekkjefølgjekrav (MOTSEGN) Planfri kryssing av FV564, knytta til etablering av bustad	Tatt inn i føresegner	Rekkjefølgjekrav til bustad, føresegnene § 1.4.2
6	Byggjegrænse mot veg (MOTSEGN) - Jf veglova § 29 er byggjegrænse mot RV og FV 50m om ikkje anna i plan - Plankartet syner byggjegrænse 15m, det kan akseptertast min. 30m	- Areal der dette skal gjelde? - Endre i plankart, si noe i føresegn - Areal som ut frå topografi bør kunne godtas viss ønskjeleg?	Lagt inn 30m byggjegrænse i plankart
7	Rekkjefølgjekrav (MOTSEGN ?) - Vegtrafikkstøy knytt til eigedom gnr 10 bnr 32 (fritidsbustad) og 52 (barnehagen) - Krev nytt pkt § 1.3.5 om etablering av støyskjerm, min. 3m frå vegkant, før FV247 ferdig utbetra	- Tas inn i føresegn	Rekkjefølgjekrav, jf føresegn § 1.3.1

Særskilte plantema

Gjennomgåande er hovudparten av dei innkomne merknadane frå private grunneigarar og bebuarar retta mot konsekvensar knytt til sjølve drifta av deponiet. Ei fåtal gjev uttrykk for at dei er direkte imot heile prosjektet, medan dei fleste er bekymra for ulemper knytt til særleg trafikkbelastning og potensiale for støy og støv. Etterbruk av arealet til landbruk og etablering av bustadar er i liten grad eller ikkje i det heile teke opp.

Trafikkvolum

Ei presis talfesting av trafikk- og transportvolum er vanskeleg å gje då ein veit at aktiviteten på anlegg av denne type vil vere styrt av dei oppdrag eigar har, eller summen av prosjekt i regionen som kan levere egna masser. I høve til eit maksimalt driftsvolum (1,4 mill. m³) som er skildra i plandokumenta, kan ein gjere synleg eller gje døme på nokre gjennomsnitt basert på til dømes volum pr lass og tal på lass pr driftsdag. Premiss for oppstillinga er 250 driftsdagar i året.

m ³ pr lass	Lass pr dag	m ³ /dg	Dg pr år	m ³ /år	Lass pr år	Drift(år)
15	8	120	250	30000	2000	47
20	10	200	250	50000	2500	28
15	20	300	250	75000	5000	21
15	25	375	250	93000	6200	15
15	30	450	250	112500	7500	12
15	40	600	250	150000	10000	10
20	19	372	250	93000	4750	15
20	20	400	250	100000	5000	14
20	30	600	250	150000	7500	9

Det berekna volumet deponi kan ta imot er eit uttrykk for den maksimale mengda som kan bringast inn i planområdet. Det er likevel berre ei berekning og det faktiske talet vil kunne vere noko lågare eller høgare. Dersom ein held seg til gjennomsnitt ser ein av tabellen at med ei driftstid på 15 år treng ein å køyre 25 lass om dagen for på å fylle eit volum på 1,4 mill. m³. Vidare dersom lastekapasiteten vert auka frå 15 til 20m³ / lass vert det 19 lass om dagen for å fylle det gitte volumet. For desse to alternativa er det tale om h.h.v. 6200 og 4750 lass pr. år.

Driftstid

Tabellen ovanfor og dei tala som er stilt opp kan endrast på ulike vis. Hovudpoenget er å få fram at det volumet som planen legg til rette for er stort og det vil føre med seg mykje trafikk. Dersom tiltakshavar skal kome i mål innanfor den driftstida som er signalisert i planskildringa (15 år), vil talet på lass pr år vere vesentleg høgare enn det som er skildra (2000 lass/år).

Når det gjeld den daglege drifta på deponiet har tiltakshavar lagt fram framlegg i føresegnene (§ 2.4.3) om opningstid frå kl 07 til kl 19. Ein kan dele opningstida i to bolkar for å søkje å ta meir omsyn til omgjevnadane. Det vil vere naudsynt med for- og etterarbeid internt på deponiområde og slikt sett kan ein tale om ei arbeidstid i tidsrommet som angitt.

Ein kan setje eit noko meir avgrensa tidsrom kor det er høve til levering inn til deponiet. Til dømes kan deponiet vere open for levering mellom kl 08 – 17. Da vil hovudmengda av levering skje utanom bringing / henting i barnehage. Vidare vil dei som skal på arbeid om morgonen ha drege og trafikken vert avslutta i rimeleg tid på ettermiddagen.

I høve til drifta skal det skipast ein driftsplan for heile anlegget som vert utarbeidd i samråd med og godkjent av Direktoratet for Mineralforvaltning. I tillegg til at reguleringsplanen set krav, skal og driftsplanen ikkje berre gje ramme for sjølve drifta, men og ramme for naudsynte omsyn til omgjevnadane, jf føresegnene § 1.3 og 2.4.

Stabilitet

I merknadane er det teke opp spørsmål om stabiliteten i eit slikt deponi. Er det fare for utgliding av deponiet. På førespurnad frå administrasjonen til konsulent og tiltakshavar er det gjeve følgjande kommentar:

”Dette kan nok drøftast vidare med rette kompetanse, men så langt me har sett på det i planen skal ikkje dette ver ein fare så langt me kan sjå. Vegen på tvers av dalen i forkant vil sikre at eventuelle utglidingar kjem lenger enn dette. Dette gjer at eventuelle utglidingar ikkje vil få alvorlege konsekvensar.

No må ein også hugse at ei fylling som dette ikkje vil bestå av sorterte jordmassar. Massane vil vere innblanda morene, stein, røter og anna. Reine jordmassar betyr ikkje at det ikkje er andre massar i den, men at den er rein i eit mjløperspektiv. Alle desse andre typane masse vil vere med på å stabilisere fyllinga.

Dette tema kan jo vere aktuelt å ta opp i samband med byggesøknad. Der kan det vere aktuelt å ta opp driftstilhøva meir i detalj om det er naudsynt. Me meiner det er teke tilstrekkeleg høgd for dette på plannivået

Steinvollen / veien i enden av tippområdet vil hindre ukontrollert utglidning. Vannet som siger gjennom dalen i dag, blir styrt i åpent bekkeløp på østsiden av dalen. Massene blir tippet fra vestsiden, vi starter med tipping i nedre område ved steinvollen, for at massene skal tørke og stabilisere seg. Vi vil dermed presse massene på tvers av dalen. Dersom alt ble tippet fra toppen og store mengder kom samtidig, ville faren for utgliding vært tilstede.

I ROS-analysen (pkt.4.2.1) er det gjort ein gjennomgang av temaet ”Skred og ustabil grunn”. Dette er moglegvis mest retta mot eksisterande grunntilhøve. Det leggjast uansett opp til at det i forkant av oppstart av drift skal gjerast naudsynt vurdering og/eller undersøking av grunn for å sikre både anlegget og omgjevnadane.

Støy og støv

Knytt til temaet støy er det primært to ulike tilhøve som gjer seg gjeldande. Det eine er trafikkstøy knytt til sjølve transporten til og frå deponiet, medan den andre er sjølve drifta av anlegget og særleg i den perioden uttak av stein vil gå føre. Både konsekvensutgreinga og ROS-analysa peikar på dette.

I høve til trafikkhandtering og støy er tiltaka i plan utbetring av FV247, etablering av GS-veg samt støyskjerming av barnehageen og musikklaget sine bygg. Eigedomar elles skal i utgangspunktet ikkje få støybelastning utover normale verdiar. Det vil nok vere ei endring i høve til dagens nivå, men skal vere akseptabel. Støy kan vere ein kjelde til irritasjon og verknaden samt tiltak bør kunne justerast etter ei eventuell etablering av anlegget. Det ligg til grunn som eit minimum at alle eigedomar støynivå for tilstøtande eigedomar skal vere innanfor til ei kvar tid gjeldande krav, jf føresegnene § 1.7.

Når det gjeld drift av uttak og deponi skal det etablerast jordvoll som skal skjerme både for støy og innsyn. Prinsippet for vollen og utforminga av denne er synt i figurane nedanfor. Det er gjeve rammer for støy og støv handtering i føresegnene. Vidare skal det godkjennast ein driftsplan for området som kan utdjupe eller presisere desse tilhøva særskilt.

Støyvoll, vassig, oppsamling og filtrering


Prinsipp for utforming av støyvoll og sedimentbasseng

Framlegget til plan legg opp til at eksisterande bekk i dalen vert lagt om ut til sida av deponiet.


Støyvollen som er planlagt i nedre del av deponiområdet vil styre vatnet til minimum to sedimentasjonsbasseng.

Detaljerte krav til utforminga av bassenga vil vere knytt til tillatelse for tiltak, jf føresegnene § 1.3 om rekkjefølgje og eventuell utbyggingsavtale

Situasjonsplan for driftsperioden i området. Avrenning frå Hoplandsdalen, med massetak og jorddeponi vert handtert gjennom vollar og sedimenteringsbasseng, jf planskildring s.28-30.



Tversnitt



Støv kan utgjere ei potensiell plage ved steinknusing, transport og arbeid med tørre jordmassar. Utfordringa er i hovudsak knytt til sjølv driftstida av deponiet sjølv om same utfordringa kan oppstå under opparbeiding av både veg og sjølv deponiområdet. Under arbeid med til dømes utbetring av FV247 vil og skal det vere eiga rutine knytt til denne type tema i sjølv prosjektet. Når det gjeld drift av deponiområdet vil det ut over reguleringsføresegnene vere driftsplanen som presiserar tiltak eller berdeskap og handlemåte for å stoppe, avgrensa eller redusere denne type ulempe.

Landskap og naturmiljø

Hoplandsdalen er eit avgrensa landskapsrom som er ein liten sidedal liggjande nord-sør, i høve til hovuddalføret som ligg mest aust-vest. Sjølv om deponi har eit stort volum, vil det halde seg innanfor hovudforma i dalen. Naturlegvis vil eit deponi og masseuttak under drift ikkje naudsyntvis vere ei fryd for auge, men både plassering i seg sjølv og opparbeiding av støyvoll vil avgrense dette noko. Ved ferdigstilling vil dalen vere endra, men framleis grøn og innanfor den naturgjevne hovudforma.

Dalen er i begge lisidene planta med gran og i dalbotn er det gras og myr som har vore beitemark. Synfaring og gjennomgang av eksisterande data gjer ikkje synleg særskilte naturverdiar. Det er klart at ved eventuell gjennomføring av plan vil naturmiljø verte endra for alltid. Dalryggane og øvste delen av lisidene vil ikkje verte rørt og det vert opparbeidd ei stor jordbruksflate. Dersom det med tida ikkje vert landbruksdrift vil arealet langsamt gro att med vegetasjon.

Naturmangfaldlova (§ 8-12)

I høve til dei rammer me oppfattar lova er meint å setje, vurderer administrasjonen det slik at planskilddring, konsekvensutgreiing og ROS-analyse gjer greie for krava etter lova. Når det gjeld **kunnskapsgrunnlaget** er det ikkje kome til syne tilhøve som krev djupare utgreiing. KU som er utarbeidd til saka synest tilstrekkeleg avklarande. I høve til **føre-var-prinsippet** er det klart at naturmiljøet i deponiet vert varig endra, men me ser ikkje at det er til vesentleg skade for naturmangfaldet lokalt, i kommunen eller regionen.

KU-utgreiinga gjer ikkje synleg at det er særskilte økosystem som vert truga eller utsett sjølv om naturmiljøet endrast vesentleg ved gjennomføring av plan. Det er ikkje ein del av eit **økosystem** som vert utsett for **belastning**, men ei tildekking av eit større område utan slik særleg verdi som administrasjonen oppfattar er føremålet å ta i vare etter lova.

Eit jorddeponi vil dekke over og endre det miljøet som er eksisterande. Tilsynelatande har ikkje arealet i seg sjølv særlege naturmangfaldverdiar. Ei konsekvens av ei slik etablering kan vere avrenning og det er sett krav om sedimentasjonsbasseng for å hindre forureining til vassdrag. Vidare er deponiet eit anlegg for reine masser i eit miljøperspektiv. Kostnadane knytt til sikring mot **miljøforringelse** ligg til tiltakshavar.

I høve til **miljøforsvarlege teknikker og driftsmetodar** visast det til at tiltakshavar eller driftsoperatør skal gjere avbøtande tiltak særskilt i høve til støy og støv. Forutan at avrenning skal sikrast skal det og vere beredskap i høve til demping eller hindring av støv. Det må å vere sikring knytt til sjølve driftsmidla. Dette skal sikrast gjennom driftsplanen for anlegget.

Utbyggingsavtale

I utgangspunktet kan ein hevde at det strengt tatt ikkje skal vere naudsynt med utbyggingsavtale knytt til eit masseuttak/jorddeponi isolert sett, men gjennomføring og drift av heile denne planen er noko samansatt. Rekkjefølgjekrava ligg i føresegnene, men avtalen vil skildra, presisere og fordeler ansvar tydelegare for gjennomføring av dei ulike stadia i denne planen, jf føresegnene § xx

Konklusjon/oppsummering

Både det tekniske og det praktiske knytt til sjølve anlegget let seg gjere. Det er ikkje ein komplisert prosess som skal skje, men omfanget er stort og konsekvensane er tydelege og konkrete for eit gitt tidsrom.

Utfordringa både for tiltakshavar og Meland kommune er at problemstillinga er vedvarande og gjeld for både jord- og steinmassar. For ein periode vil eit regulert mottak kunne vere ein avklarande og føreseieleg faktor for mange partar. Dette anlegget treng heller ikkje å vere det siste Meland kommune vert beden om å ta stilling til.

Jord- og steinmassane endar før eller seinare opp på eit lasteplan og konsekvensen eller ulempa er tungtrafikk. I den grad ein godkjenner ei regulering eller utbygging seier ein og ja til transport og belastning av ulik grad. Her er det eit avklarande forbetningspotensial for ressursutnytting på fleire nivå.

Etter offentlig ettersyn har det for administrasjonen ikkje komen merknadar som gjer at ein tilrår å stogga prosessen. Det er opplagt at det ei gjennomføring av planen vil føre med seg både tilhøve som kan opplevast som ulempe og utfordringar, men samstundes ei målretta utvikling, tilrettelegging og synleggjering at ein tek utfordringa på alvor.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12, framlegg til reguleringsplan for **Hoplandsdalen Jorddeponi og Steinuttak** (plannamn), **planID** 1256 2009 0003 og med følgjande plandokument:

- Planskildding av 26.03.2012
- Plankart av 10.06.2013
- Førsegner av 07.06.2013
- ROS-analyse av 07.12.2011
- Støyvurderinger
 - o Massedeponi 01.12.2010
 - o Vegtrafikk 16.11.2010”

Dette vedtaket kan etter pbl § 1-9, forvaltningslova § 28, påklagast innan 3 veker etter at ein har motteke melding om vedtaket. Sjå elles vedlagt skriv om klage.

18.06.2013 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Planansvarleg Hans Kristian Dolmen orienterte om reguleringsplanen.

Framlegg til vedtak frå Silje Sæterstøl, V:

”Saka vert utsett.”

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 4 røyster for, 5 i mot (V, AP, MDG, SP) og fall.

Framlegg til vedtak frå Silje Sæterstøl fekk 5 røyster for, 4 i mot (FRP, H) og er såleis vedteke.

UDU-036/13 VEDTAK- MOT 4 RØYSTER:

”Saka vert utsett.”

19.06.2013 KOMMUNESTYRET

KS-047/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Saka vert trekt.”

UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING 03.09.2013 – 3 G: HANDSAMING:

Administrasjonen oppfatta i siste møte i planutvalet (19.06.2013) at det vart stilt spørsmål, ved om framlegget til reguleringsplan var i tråd med dei føringane som tidlegare har vore gjevne av kommunestyret. Da sak om oppstart av planprogram for planområdet vart godkjent vart det i 2009 gjort slik vedtak:

”Kommunestyret godkjenner at det vert starta opp privat reguleringsarbeid og utarbeidd framlegg til planprogram i medhald av KU-forskrifta. Det er ein føresetnad at trafikkale løysingar i høve til mjuke trafikkantar vert ivareteke i planen. Difor må vegen frå RV564 og fram til avkøyringa frå FV247 regulerast inn i planen.

Så snart høyringsresultatet og vurderingane av desse ligg føre, får Utval for drift og utvikling fullmakt til å vurdere planarbeidet på nytt. Då skal utvalet vurdere både ulemper og føremoner av tiltaket basert på innkomne merknader av framlegg til planprogram og oppstartsmeldinga. Tiltaket må ha ei overvekt av føremoner og samfunnsmessig nytte for at reguleringsarbeidet bør gå vidare etter denne første fasen.”

Framlegget til plan og planskildringa inneheld ein omfattande KU-vurdering og klare krav til trafikale løysingar. Vidare har planutvalet gjennom vedtak vore tydeleg på at ein tek atterhald i høve til godkjenning når ein har eit rimeleg bilete av samla konsekvensar.

Når det gjeld planframlegget er det klare rekkjefølgjekrav både i høve til sjølve drifta av området og kva type tiltak eller opprustingar som må gjennomførast før drift av deponiet kan ta til. Administrasjonen peiker særleg på at det i plandokumenta er eit skilje knytt til tiltak som er førebuande før drift og sjølve drifta. Med det meines at ein del av område kan takast i bruk i heilt tidleg fase av gjennomføring. Til dømes for mellomlagring av masse og utnytting av stadeigne masser til opparbeiding av mellom anna ny veg.

Vidare vil gjennomføringa fyrst kunne ta til når det er framforhandla ein utbyggingsavtale som i detalj skildrar korleis rekkjefølgjekrava vert oppfylt og korleis tilhøvet mellom til dømes tiltakshavar, kommunen og andre berørte partar skal vere. Avtalen skal godkjennast av kommunestyret.

Endringar

Etter gjennomføringa av planprogram vart det meldt planoppstart 29.04.2009. I høve til planoppstarten og planskildringa som vart utarbeidd er det tre tilhøve som så langt har endra seg i løpet av planprosessen. Det eine er at det er komen inn eit bustadområde. Det andre svingning i marknad og tilgang på eller behov for stein. Det tredje er omfanget av transport.

Området lagt ut til planføremål bustad er teke inn i framlegget til plan etter ønskje eller krav frå grunneigarar som tiltakshavar må ha avtale med for å få tilgang til eigedomane. Slik plandokumenta er utforma vil det ikkje skje tilrettelegging av bustader før eit eventuelt steinuttak er avslutta. Slik plandokumenta er utforma no kan det ikkje startast opp tilrettelegging for bustad før eit eventuelt steinuttak er avslutta.

Det er mogleg å starte med tilrettelegging av bustadar medan drifta av jordtippen går føre seg. Eventuell utbygging må likevel følgje vedteken utbyggingstakt gjeve i kommuneplanen og presisert i utbyggingsavtale (føresegnene § 2.3).

Det andre tilhøvet som har endra seg eller som stadig endrar seg er behovet for steinmasse. Slik situasjonen i Bergensområdet er no er det svært lita bruk for å bryte stein på eiga hand. Steinmasse som allereie er på hjul eller som er "reserve" i planlagde bygg- og veganlegg er stor. Det er slik sett lite behov for uttak av steinmasse i Hoplandsdalen, men det ligg som en moglegheit. Ved eventuell oppstart og drift av deponiet vil det fylles opp av jord /lausmasse.

Når det gjeld transport og trafikkbelastning er tal basert på estimat. Tabellen som varte utforma til siste handsaming av planframlegget ovanfor gjer synleg snitt som gjev ein form for bilete av omfang, men som heller ikkje vil samsvare med faktisk aktivitet. Den mest sannsynlege driftsrytmen er at det vil vere prosjekt som har sin oppstart og gjennomføringsfase og at levering frå desse vil vere meir intens. Tilbod og anbod er basert på at byggjegrunn kan ryddast raskt.

Eit presist anslag på tal på bilar og lass i døgnet er svært vankeleg å gje og kanskje ikkje avgjerande viktig. Utgreiingsarbeidet legg ikkje skjul på at det kan vere ulemper knytt til gjennomføring av planen i form av støy og støv. Det er gjort greie for korleis ein normalt handterer slike utfordringar. Vidare er tiltakshavar inneforstått med kva krav som vert reist for å starte drifta og omfanget av desse. Det viktigaste er å leggje gode rammer for gjennomføring.

Utbyggingsavtale

Dersom framlegget til plan vert godkjent vil det setjast i gang utarbeiding av og forhandling om utbyggingsavtale. Dette er ein offentleg prosess og avtalen godkjennast av kommunestyret. Ein vil slik sett ha minst ei hand til på rattet i forhold til styring av gjennomføringa, m.a. knytt til driftstider.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Meland kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12, framlegg til reguleringsplan for **Hoplandsdalen Jorddeponi og Steinuttak** (plannamn), **planID** 1256 2009 0003 og med følgjande plandokument:

- Planskildding av 26.03.2012
- Plankart av 08.08.2013
- Førsegner av 26.08.2013
- ROS-analyse av 07.12.2011
- Støylvurderinger
 - o Massedeponi 01.12.2010
 - o Vegtrafikk 16.11.2010"

Dette vedtaket kan etter pbl § 1-9, forvaltningslova § 28, påklagast innan 3 veker etter at ein har motteke melding om vedtaket. Sjå elles vedlagt skriv om klage.

03.09.2013 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Per Kristian Holmetun er ugild i saka, Liv Hopland trer inn.

Framlegg til vedtak frå Anne Grete Eide, AP:

”UDU meiner det vil kunne være uheldig å etablere nytt boligfelt i LNF-område. Dette bør takast opp i forbindelse med kommuneplanen som no er under arbeid.

UDU påpeiker at det faktum at man ved å innvilga slike avvik lett skaper presedens for tilsvarande saker i framtida, og denne måten ikkje ivaretar intensjonene i kommuneplanen.

UDU tilrår kommunestyret å ta bustadane ut av planen.

Transporten vil innebære en svært stor trafikkøkning over flere år og vil måtte foregå gjennom tettbebyggelsen, forbi boligområder og i umiddelbar nærhet av 1 skule og 1 barnehage. Dette vil ha store ulemper for miljø og trafikale forhold på Holme. UDU meiner at for å ivareta miljø og trafikale forhold på Holme må ein ha avgrensa tidsrom kor det er høve til levering inn til deponiet. UDU ber om at dette bli tatt inn i utbyggingsavtalen.

UDU ber administrasjonen formulere vedtaket som tilråding til kommunestyret.”

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG:

”Meland kommune er i ferd med å utarbeide ny kommuneplan. UDU finn det derfor rettast at store tiltak som dette deponiet ikkje vert vedteke før kommuneplanen er ferdig og ein har ein heilskapeleg plan for denne type arealbruk i kommunen.”

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Anne Grete Eide fekk 6 røyster for (AP, H, SP og FrP), 2 røyster mot, og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen fekk 2 røyster for (MDG og V), 6 røyster mot, og fall.

UDU-055/13 FRAMLEGG TIL VEDTAK(MOT 2 RØYSTER):

”UDU meiner det vil kunne være uheldig å etablere nytt boligfelt i LNF-område. Dette bør takast opp i forbindelse med kommuneplanen som no er under arbeid.

UDU påpeiker at det faktum at man ved å innvilga slike avvik lett skaper presedens for tilsvarande saker i framtida, og denne måten ikkje ivaretar intensjonene i kommuneplanen.

UDU tilrår kommunestyret å ta bustadane ut av planen.

Transporten vil innebære en svært stor trafikkøkning over flere år og vil måtte foregå gjennom tettbebyggelsen, forbi boligområder og i umiddelbar nærhet av 1 skule og 1 barnehage. Dette vil ha store ulemper for miljø og trafikale forhold på Holme.

UDU meiner at for å ivareta miljø og trafikale forhold på Holme må ein ha avgrensa tidsrom kor det er høve til levering inn til deponiet. UDU ber om at dette bli tatt inn i utbyggingsavtalen.

UDU ber administrasjonen formulere vedtaket som tilråding til kommunestyret.”

ADMINISTRASJONEN SINE TILFØYINGAR I SAKA I TRÅD MED UDU SITT VEDTAK

UDU tilrår kommunestyret å godkjenne deler av reguleringsplanen for Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak ved at bustadene vert teke ut av planen. Det kan skje ved at kommunestyret sender planen tilbake til administrasjonen med føringar for tilarbeiding, og ny slutthandsaming.

KORRIGERT TILRÅDING ETTER UDU SITT FLEIRTALSVEDTAK:

”Meland kommunestyre visert til vedtak i sak UDU-055/13, og ber om at reguleringsplanen for **Hoplandsdalen Jorddeponi og Steinuttak** (plannamn), **planID** 1256 2009 0003 med tilhøyrande plandokument vert omarbeidd slik at bustadene vert teke ut av planen, og fremja for ny slutthandsaming.”

25.09.2013 KOMMUNESTYRET

Arnold Tveit gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

Framlegg til vedtak frå SP v/Sølvi Knudsen:

”Kommunestyret vedtek å avvise framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jord-deponi og steinuttak med bakgrunn i dei store negative konsekvensar som reguleringsplanen vil ha for området. Meland kommune er i ferd med å utarbeid ny kommuneplan. Ein finn det derfor rettast at store tiltak som slike deponi ikkje vert vedteke før kommuneplanen er ferdig og ein har ein heilskapleg plan for denne type arealbruk i kommunen.”

Avrøysting:

Senterpartiet sitt framlegg til vedtak fekk 8 røyster for , (V, 1 MDG, 1 SAM, SP), 18 røyster mot og fall.

Korrigert tilråding etterUDU sitt framlegg til vedtak fekk 18 røyster for, (H, AP, FrP, KrF), 8 røyster mot, og er såleis vedteke.

KS-064/13 VEDTAK (MOT 8 RØYSTER):

”Meland kommunestyre visert til vedtak i sak UDU-055/13, og ber om at reguleringsplanen for **Hoplandsdalen Jorddeponi og Steinuttak** (plannamn), **planID** 1256 2009 0003 med tilhøyrande plandokument vert omarbeidd slik at bustadene vert teke ut av planen, og fremja for ny slutthandsaming.”

UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING 10.12.2013 – 4 G. HANDSAMING – OFFENTLEG ETTERSYN:

Vedlegg

Saksutgreiing:

Meland kommunestyre gjorde i sak KS-064/13 den 25.09.2013 følgjande vedtak

”Meland kommunestyre visert til vedtak i sak UDU-055/13, og ber om at reguleringsplanen for **Hoplandsdalen Jorddeponi og Steinuttak, planID 1256 2009 0003** med tilhøyrande plandokument vert omarbeidd slik at bustadene vert teke ut av planen, og fremja for ny slutthandsaming.”

Vedtaket har vore formidla til tiltakshavar og endringa med å ta ut nye bustadar av planområdet er gjort. Mykje av føresegnene har vore utforma for å ta i vare områda for busetnad og uteareal. Det er difor stor endring av dette plandokumentet medan plankartet i si utstrekning ikkje har vorte endra.


I høve til planprosess og reglane for handsaming av reguleringsplan er endringane så store både i innhald og omfang at det er naudsynt med nytt offentleg ettersyn.

Vurdering:

Administrasjonen har ikkje særskilte merknadar til det endra framlegget til plan. Hovudføremålet med plan som er tilrettelegging for mottak av jordmassar er ikkje endra. Vilkår og krav til den type verksemd vil vere som tidlegare og moglege konsekvensar av gjennomføring er diskutert utfyllande tidligare.


Plankart

Tidlegare framlegg til plankart



- Område for nye bustadar er teke ut av plankartet

Nytt framlegg til plankart



- Ein har valt og gjere synleg eksisterande bustad og fritidsbustad
- Føresegnene er tilpassa og synes romslege nok for eksisterande busetnad
- Veganlegg til dei ulike eigedomane er vist
- Planen omhandlar opparbeiding berre av hovudvegen (V3) med gangfelt/fortau
- Område SM_2 kan nyttast for uttak og mellombels lagring, men om det vert teken i bruk skal det opp- og omarbeidast til LNF-område

Veganlegg

Når det gjeld veganlegget elles frå avkøyrsla opp til deponiområdet og ned til hovudvegen er det ikkje endringar verken i utforming eller rekkjefølgje. Det vil seie at fylkesvegen skal opprustast og etablering av G/S-veg skal gjennomførast. Vidare skal sikring, tilkomst og parkering for barnehagen og musikklaget løysast fullnøyande.

Konsekvensar ved gjennomføring av plan

Endringa av framlegg til plan endrar ikkje hovudføremålet med reguleringsplanen. Heller ikkje dei moglege verknadane i høve til støy, støv eller trafikkvolum. Desse tilhøve må reknast som kjent, det visast til tidlegare saksframlegg med tilhøyrande vedlegg.

Konklusjon/oppsummering:

Meland kommune syner til endra framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen Jorddeponi. Endringane er i samsvar med siste vedtak i saka, men av eit slikt innhald og omfang at framlegg til plan må leggjast ut til nytt offentleg ettersyn.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Utval for drift og utvikling vedtek å leggje endra framlegg til reguleringsplan Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak ut til offentlig ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10.

Perioden for offentlig ettersyn vert sett til 6 veker etter kunngjeringsdato.»

10.12.2013 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Per Kristian Holmetun, SP, var ugild ved handsaming av saka. Som vara møtte Rune Skår.

Framlegg til vedtak frå MDG og V:

«Utval for drift og utvikling avviser reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak.»

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå MDG og V 3 røyster for, 6 imot (AP, H, FrP) og fall.

Framlegg til vedtak frå administrasjonen fekk 6 røyster for, 3 i mot (MDG, V, SP) og er såleis vedteke.

UDU-094/13 VEDTAK – MOT 3 RØYSTER (MDG, V, SP):

”Utval for drift og utvikling vedtek å leggje endra framlegg til reguleringsplan Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak ut til offentlig ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10.

Perioden for offentlig ettersyn vert sett til 6 veker etter kunngjeringsdato.»

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Norconsult Bergen
Vassbak & Stol AS